

STORDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

12.09.2013

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STORDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag, 24.09.2013 kl. 16.00
på rådhuset

SAKLISTE:

- « 12/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 18.06.2013
- « 13/13 - Prosjektplan forvaltningsrevisjon
- « 14/13 - Om kjøp av tenester - flyktningekonsulent
- « 15/13 - Vedkomande budsjett 2014 - Stordal kontrollutval
- « 16/13 - Kvartalsrekneskap 2. kvartal 2013
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 18. juni 2013, kl. 10.00.

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte rådmann Lars Joranger og økonomisjef Torbjørn Emblem

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 08/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 25. februar 2012 blir godkjent.

SAK 09/13

ÅRSMELDING 2012 – STORDAL KOMMUNE

Instilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 14.06.2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Stordal kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet presiserer at årsmelding er levert etter fristen som er den 31. mars 2013.

SAK 10/13
KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – STORDAL KOMMUNE

Innstilling datert 14.06 2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stordal kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent
2. Kontrollutvalet presiserer at kommunerekneskapen er levert etter fristen som er den 15. februar 2013.

SAK 11/13
VEDKOMANDE KOMMUNESTYRESAK 16/13 (Saka kom opp under eventuelt)

Kommunestyresaka nemnt ovanfor gjeld eventuelt mottak av flyktning i Stordal kommune.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir sendt brev til Stordal kommune med spørsmål knytt inn mot problemstillinga i kommunestyresak 16/13.

Neste møte, 24. september 2013.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Jonas Falch
nestleiar
(sign.)

Roger Lillebø
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stordal kommune

Dato: 12.09.2013

**SAK 13/13
PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Som vedlegg følger:

- Prosjektplan for forvaltningsrevisjon

Det blir vist til vedlagte prosjektplan. Kontrollutvalsekretariatet har ikkje merknader til denne.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sluttar seg til prosjektplan for forvaltningsrevisjon som gjeld kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak i Stordal kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar

25. april 2013

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politisk vedtak i Stordal kommune

PROSJEKTPLAN

I sak 012/13 den 20. mars 2013 vedtok kommunestyret, etter innstilling frå kontrollutvalet, ein plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet handsama denne planen som sak 03/13 i møte den 25. februar 2013. Kommunestyret fatta følgjande vedtak samrøystes:

*Det blir teke sikte på 1 eventuelt 2 forvaltningsrevisjonar i valperioden.
Tema for desse blir:*

- 1. Kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politisk vedtak*
- 2. IKT- internkontroll*

*Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert
prosjektinnhald innanfor kvart enkelt tema som kommunestyret gjer vedtak
om.*

I tråd med punkt 1 vil vi gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i Stordal kommune om kvalitet/saksutgreiingar/oppfølging av politisk vedtak.

1. PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet skal ha følgjande problemstillingar:

1. Er saksutgreiingane til politiske utval av god kvalitet?
2. Er det etablert eit godt system som sikrar at politiske vedtak blir sett i gang og gjennomført?
3. Er det etablert ei god rutine for å rapportere tilbake om oppfølging?

Prosjektet er avgrensa til å gjelde vedtak og vedtaksunderlag for politiske organ. Vedtak fatta administrativt etter delegasjon ligg utanfor prosjektet.

2. METODE OG GJENNOMFØRING

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann.
- Dokumentgjennomgang av rutinar, reglement og liknande.
- Intervju med politisk og administrativ leing.
- Gjennomgang av eit utval av saker i politiske organ.
- Sluttmøte med rådmann i samband med høyringsutkast.

Når det gjeld intervju med politisk leing kan ei naturleg avgrensing vere ordførar, varaordførar, utvalsleiarar og gruppeleiarar, medan administrativ leing vil avgrense seg til rådmann og etatsleiarar.

Gjennomgangen av saker vil vere retta inn mot saker i kommunestyret og formannskapet. Ei avgrensing kan vere tidperioden frå 2011 og framover.

3. REVISJONSKRITERIER

Forskrift om revisjon set krav om at eit forvaltningsrevisjonsprosjekt skal ha såkalla revisjonskriterier, ei norm som revisor gjer sine vurderingar opp imot. Dei fakta som kommunerevisjonen samlar inn, skal bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lov og regelverk, samt allment aksepterte prinsipp. I tillegg er styringsdokument, vedtak og retningsliner, vanlegvis gode kjelder for revisjonskriterier.

Revisjonskriteria i dette prosjektet vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krav stilt i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23 angir under punkt 2 at rådmannen *skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt, og skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, samt at kommunen er gjenstand for betryggende kontroll.*

Rådmannen skal etter kommunelova sørgje for at kommunen er gjenstand for ein trygg kontroll. Lovformuleringa legg ansvaret for intern kontrollen til rådmannen, medan kontrollutvalet etter kommunelova § 77 skal sjå til at den er trygg. Det mest kjente rammeverket for intern kontroll er den såkalla COSO-rapporten, *Intern kontroll - et integrert rammeverk*. COSO definerer intern kontroll i ein vid forstand, som ein prosess som er sett i gang og gjennomført av kommunestyret, rådmannen, leiarane og tilsette, med sikte på å sikre at kommunen når sine mål når det gjeld:

- Målretta og effektiv tenesteproduksjon
- Påliteleg intern og ekstern rapportering
- Etterleving av lovverk, og kommunestyret sine vedtak og føresetnadar.

Dei to omtala rammeverka for intern kontroll identifiserer kva som er grunnlaget for å oppnå desse måla. To viktige grunnlag er det interne miljø og kontrollaktivitetar. Det interne miljø er m.a. organisasjonsstruktur, tildeling av ansvar og mynde samt kompetanse. Kontrollaktivitetar inneheld vanlegvis to element, Det eine er retningsliner som fastset kva ein skal gjere. Det andre er rutinar for å gjennomføre retningslinene, med tenlege korrigerande tiltak om nødvendig. Ei viktig erfaring som er gjort, er at mange ikkje har tilstrekkeleg utvikla oppfølginga i internkontrollen.

Eit hefte *Folkevalgt 2011-2015 i kommunen* frå Kommunenes sentralforbund trekkjer også opp nokre viktige poeng i samspelet mellom politisk og administrativ leing: *Det er også viktig å ha med seg at politikk i dag er mer enn vedtak. Vel så viktig er prosessen. Svært mye er allerede gjort når en sak kommer som skriftlig fremlegg til politisk behandling. Det kan derfor være hensiktsmessig at politikerne i enkelte saker og temaer kommer tidligere inn i prosessen, slik at de er med på utformingen av saken i samspelet med brukere, administrasjon, regionale og sentrale myndigheter m.m.*

Relevante revisjonskriterium går også fram av instruks for rådmannen, reglement for sakshandsaming og reglement for kommunestyret i Stordal kommune.

Ei nærare konkretisering og utdjuping av revisjonskriteria vil bli gått gjennom i prosjektrapporten.

4. TIDSPLAN

Eit utkast til prosjektrapport er planlagt å ligge føre ved utgangen av 2013.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet I
Stordal kommune

Dato: 12.09.2013

**SAK 14/13
OM KJØP AV TENESTER – FLYKTNINGEKONSULENT**

Det blir vist til brev frå kontrollutvalsekretariatet datert 11.07.2013 som følgjer vedlagt.

Temaet kom opp under eventuelt i sak 11/13. Det samrøystes vedtaket i kontrollutvalet var følgjande:

Det blir sendt brev til Stordal kommune med spørsmål knytt inn mot problemstillinga i kommunestyresak 16/13.

Ein avventar svar.

Harald Rogne
dagleg leiar



SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Vår dato:
11.07.2013
Deres dato:

Vår referanse:

Deres referanse:

Stordal kommune
Ordfører
Kommunehuset

6250 Stordal

VEDKOMANDE KOMMUNESTYRESAK 16/13, JF KONTROLLUTVALSAK 11/13

Denne saka kom opp under eventuelt og kontrollutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Det blir sendt brev til Stordal kommune med spørsmål knytt inn mot problemstillinga i kommunestyresak 16/13.

Ein oppdragsavtale mellom Stordal kommune og Storfjorden Ergoterapi AS vart lagt fram i møtet.

Det vart reist nokre spørsmål som kontrollutvalet ønska avklaring på:

1. Har det vore konkurranse om oppdraget, eventuelt vurdert kjøp av tenester frå nabokommunar?
2. Kva undersøkingar har blitt gjort for å kvalitetssikre leveransen frå selskapet?
3. Kva for kvalifikasjonskrav er stilt til selskapet?
4. Kva for kvalifikasjonar har dette selskapet i flyktningearbeid?
5. Kven har aksjar i dette selskapet?

I oppdragsavtalen med selskapet går det fram at selskapet skal avklare alle juridiske og praktiske spørsmål og alle punkt knytt til saksbehandling. Avtalen er ikkje datert.

Helsing

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stordal kommune

Dato: 12.09.2013

**SAK 15/13
VEDKOMAND BUDSJETT 2014 - STORDAL KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Stordal kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Stordal kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 17.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stordal kommune

Dato: 12.09.2013

**SAK 16/13
KVARTALSREKNESKAP 2. KVARTAL 2013**

Som vedlegg følger:

- Kvartalsrekneskap 2. kvartal 2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Av rapporteringa går det fram at det vil bli underskot ved årets slutt. Underskotet er ikkje talfesta. Kontrollutvalet må i møtet bli orientert om storleiken på det forventa underskotet.

Harald Rogne
dagleg leiar



STORDAL KOMMUNE

SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret
Saksansvarleg.: Lars Joranger

Arkiv: FE-212
Objekt:

Arkivsaksnummer
13/581

SAKSGANG			
Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksbehandlar
059/13	Formannskapet	26.06.2013	LJ
045/13	Kommunestyret	26.06.2013	LJ

Økonomistyring - Kvartalsrekneskap 2. kvartal 2013.

Vedlegg i saka:

Nr.	Tittel
1	Rekneskapsstatus 1.halvår 2013.doc

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Økonomirapportgrunnlag - datauttrekk

Saksopplysningar:

Stordal kommune sine budsjetttrammer for 2013 bygger på budsjetttrammene for 2012.

Etatane/ansvarsområda har ved utgangen av juni eit overforbruk på mellom 4-5 prosent.

Det er og vert gjennomført ein intern budsjettrevisjon innan dei ulike ansvarsområda som kommunestyret gjev løyvingar til for å forbedre både budsjettala, men også det økonomiske styringa.

Vurdering:

Rådmannen har gjennomført arbeidet med interne budsjettrevisjonar i etatane for å få kvalitetssikre tala og sørge for ei betre og strammare økonomistyring.

Dei interne prosessane og økonomistatusen pr juni gjev eit godt grunnlag å vurdere utsiktene for den økonomiske situasjonen ved nyttår.

Rådmannen vil og vurdere å innføre innkjøpsstopp i heile eller deler av kommunen. Tilsvarande har ein gått gjennom inntektssida i etatane no i juni måned.

Det som uavhengig av dei daglege driftskostnadane og tenestene er klart er at finanskostnadane for kommune vil stige bratt for 2013, då ein får heilårsvirkninga dei siste

låneopptaka, samstundes med nye låneopptak. Dette vil bruke opp reservane som gjorde at rekneskapen for 2012 vart positiv sjølv om det var overforbruk.

Rekneskap for 2013 vil med halvårsresultatet pr juni 2013 gje eit underskot ved årets slutt.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Stordal kommunestyre tek økonomistatusen for dei 6 første månadane i 2013 til vitande.

Behandling i formannskapet, 26.06.13:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

FS-059/13 Tilråding til VEDTAK:

Stordal kommunestyre tek økonomistatusen for dei 6 første månadane i 2013 til vitande.

Behandling i kommunestyret, 26.06.13:

Formannskapet si tilråding til vedtak samrøystes vedteke.

KS-045/13 VEDTAK:

Stordal kommunestyre tek økonomistatusen for dei 6 første månadane i 2013 til vitande.

Stordal kommune

Halvårsrapport



1.halvår 2013


RAPPORTERING PR. 1.halvår 2013

Saksopplysningar

Økonomistatus:

Rekneskapsresultatet for 1.halvår bør ligge på ein gjennomsnittleg forbruksprosent på ca 46 % etter juni måned. Forbruket er også vurdert utifrå justert periodisert nettobudsjett !


Rekneskapsstaus pr 1.halvår 2013 i høve årsbudsjett.



Utgiftssida	Forbruk %
<i>Ansvar 1000</i>	48%
<i>Ansvar 2000</i>	48%
<i>Ansvar 3000</i>	49%
<i>Ansvar 6000</i>	49%

Forbruk pr 1.kvartal i høve snittforbruk i perioden !

Normalforbruk fordelt over året utgjør for 1.halvår ca 46%.



Rekneskapsvurderingar:

Slik rekneskapsen ligg føre i dag i slutten av 2.kvartal, kjem Stordal kommune til å gå i minus for rekneskapsåret 2013.

Det er etatane sin økonomistyring innanfor vedtekne driftsrammer som syner utfordringar i 2013. Økonomistyringa vidare i 2013 vil såleis vere avgjerande for resultatet ved årets og kor stor underskotet vert.

Generell økonomistatus pr juni:

1. Avkastninga av fondsplasseringane ser ut til å gje ei bedtre avkastning så langt i 2013. Dette kjem fram også i Sparebanken Møre sin presentasjon for kommunestyre. Det er likevel slik at undeskotet på avkasninga i 2011 ikkje vart tilbakeført fondsreservar i 2012 slik føresetnadane og rutinene er. Det pga at det etatsvise overforbruket i 2012 ikkje gav rom for det i rekneskapsavslutninga.
2. Aksjeutbytte frå Ørskog Energi AS vil venteleg verte ca 50.000 mindre enn budsjettet for 2013. Aksjekapitalen for Stordal kommune utgjør ca 15.000.000 i selskapet. Forventa utbytte er kr. 200.000,-. Innstillinga til gneralforsamlinga i Ørskog Energi vil utgjere eit utbytte på kr 150.000,-.
3. Utfordringa vedk økonomisk kontroll og styring har ein fortsatt ikkje god nok i høve fløire av dei mange i ulike samarbeida, der det er egne styre mv herunder IKS. Fleire av desse synes å ikkje vere i ein kommunaløkonomisk kvardag. Det har ikkje vorte endre praksis som gjev økonomisk kontroll heller i 2013.

Konklusjon:

- Etatane/avdelingane må betre økonomistyringa og redusere forbruket for 2.halvår 2013.
- Tiltak som rådmannen iverksett vil ha effekter i siste del av året og må gjennomførast.

- Stordal kommune har ikkje økonomi til å gjere nye investeringar og låneopptak utan ekstern finansiering også forankra i drifta.
- Stordal kommune har ikkje økonomi til å iverksette nye driftstiltak utan at andre vert redusert.
- Det må etablerast ei meir ansvarleg haldning til kommuneøkonomien i Stordal kommune både på politisk og etatsnivå.
- **Stordal kommune vil gå i minus for rekneskapsåret 2013. Underskot skal dekkast i 2014 og 2015.**